SMIL-avslag til fleire

08.06.2009

Fleire uskedelingar har no fått avslag på søknadane sine om SMIL-midlar for 2009. Kommunen fekk 710.000 kroner for dette året medan det kom inn 58 søknadar med ein samla kostnad på 4,5 millionar.

Berit Harriet Døssland er ein av dei som har fått avslag grunna mange søknadar og knappe løyvingar. Dessutan er løyving til gjerde, som ho søkte om, knytta opp til areal som skal ryddast, påpeika sakshandsamaren.

Erlend Bjørnebøle fekk også avslag, på grunn av den store søknadsmengda og knappe løyvingar.